

Innspel til Lesekommisjonen

Vi legg til grunn at den offentlege samtalen om lesing og leseopplæring dreiar seg om både lesekultur, lesekompetanse og grunnleggjande, teknisk leseopplæring. Når vi snakkar om lesing, må desse dimensjonane både sjåast i samanheng med kvarandre, og som sjølvstendige dimensjonar med eigenverdi på alle utdanningsnivå, frå barnehage til høgare utdanning.

Lesekommisjonen spør opent om «Hva er dine råd til kommisjonen med tanke på å styrke leseferdigheter og stimulere leselyst og leseglede blant barn og unge?». Jamfør mandatet til kommisjonen har vi innspel som handlar om leseopplæringa i skulen og om lærarutdanninga.

Overordna vil vi argumentere for at vi må fortsetje å sjå på lesing som noko sosialt og noko vi kan gjere eller snakke om i fellesskap. Lesing av både sakprosa og fiksjon kan skape gjenklang og utvikle eit språk for eigne erfaringar, i tillegg til å utvide perspektiv og stimulere interesse for omverd og medmenneske. Lesing heng såleis tett saman med nysgjerrigheit og kunnskapsutvikling i alle fag. Vi må difor ikkje vere redde for å gi elevar og studentar tekstar som er komplekse og av og til for vanskelege. Då må vi ikkje teste elevane i enkel forståing, men heller fremje refleksjon kring slike tekstar. Det gjeld for alle elevar, uavhengig av alder og språkleg bakgrunn. Om vi får trent på saktelesing, nærlesing og å halde ut lengre tekstar, får vi jobba med det tenkande mennesket – dette er prosessar som krev menneskeleg finkjensle, og ikkje kunstig intelligens.

Lærarutdanning og leseopplæring

Mandatet legg til grunn at «lesing er en viktig del av den faglege kompetansen i alle fag». Dette er eit argument for å understreke at alle lærarar er leselærarar. For å bli ein god leselærar må ein sjølv vere ein trygg lesar – men vår erfaring er at studentar strever med lesinga, noko forskning også støttar¹. På same måte som ein må gjere i skulen, må vi i høgare utdanning jobbe systematisk med lesing hos studentane våre, og vi må bygge ein kultur der lesing og samtaler om ulike typar tekstar står sentralt.

Alle lærarar må kunne synleggjere at ein les, og korleis ein les i det enkelte faget. Kvifor og korleis ein les, vil vere fagspesifikt, og difor må alle fagområda i lærarutdanningane også ha merksemd om lesing i sitt fag. Lesekommisjonen bør sjå nærare på i kva grad lesing og leseopplæring blir tematisert i dei ulike lærarutdanningane, og sette dette i samband med arbeidet med ny rammeplan for lærarutdanninga.

Forskning er tydeleg på at høgtlesing og samtale om tekst styrkar både leseforståing, skapar felles tekstopplevingar og –erfaringar, og opnar for meningsbryting. Så vidt vi veit, finst det ingen studiar av nyutdanna lærarar sine lesepraksisar, men våre erfaringar er at mange nyutdanna kvir seg for å lese høgt for elevane sine. Lærarutdanningane bør sikre at høgtlesing og tekstsamtalar er ferdigheiter studentane kjenner seg trygge i.

For å kunne gi elevar god leseopplæring treng lærarar solid forståing av dei språklege og kognitive prosessane som ligg til grunn for både lese- og skriveutvikling. Fleire studiar tyder på at dette ikkje alltid er tilfelle i dag, og at mange lærarar og lærarstudentar strever med å setje ord på og forklare det dei observerer i elevane si lesing og skriving². Ein lærar med forståing og forklaringskompetanse er viktig både for den første lese- og skriveopplæringa og for å utvikle leseforståinga til elevane,

¹ <https://www.khrono.no/etter-tre-ars-studier-sliter-studentene-fortsatt-med-a lese-det-er-kjedelig/990493>

² Se <https://doi.org/10.23865/njlr.v12.7614> med referanser

sidan denne avheng av samspelet mellom avkoding, språkleg forståing og erfaring med språk og tekst. Lesekommisjonen bør tilrå at lærarutdanningane legg vekt på arbeidet med språkets struktur og prosessane som ligg til grunn for lesing og skrivning, og at studentane får trening i å sjå dette i samanheng med arbeidet i klasserommet.

Lesing i skulen

Når det kjem til skulens begynnaropplæring viser vi til og stiller oss bak høyringsinnspellet frå OsloMet, der dei argumenterer for verdien av arbeidsformer som å skrive seg til lesing, av å arbeide med lesing og skrivning i meningsfulle kontekstar, av høgtlesing og samtale om tekst, og av å gi godt rom for både fri leik og leikbasert læring. Vi vil i tillegg løfte fram verdien av å arbeide med elevane si munnlege språkutvikling. Lesing krev språkferdigheiter, som eit godt ordforråd og god forståing av begrep og av biletleg språk, i tillegg til fonologisk og morfologisk medvit. Dette er ikkje minst viktig i leseopplæringa for nykomne elevar med norsk som andrespråk, som skal lære å lese på eit språk dei har begrensa munnleg kompetanse i. Språkutvikling og -læring skjer gjennom aktiv bruk av språket i varierte situasjonar, i leik, og i samhandling med vaksne og med andre born. Ei lesesatsing må altså ikkje fortrenge varierte skuledagar der elevar får drive med eit mangfald av aktivitetar, og der dei blir oppmoda til og støtta i å språkleggjere erfaringane sine, gjennom både skrivning og snakking. Samtaler, skrivning, teikning, song og leik er aktivitetar som – i tillegg til å ha sin klare eigenverdi – også styrker leseferdigheitene.

Både på mellom- og ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring treng elevane å få støtte til å tileigne seg, forstå og bruke tekstane dei møter. Høgtlesing, samtalar og bearbeiding av tekstane gjennom leikprega og kreative arbeidsformer bør vere sentralt også i dei høgare årstrinna, saman med læraren sin eksplisitte modellering av strategiar og lesemåtar av ulike tekstar.

Vår erfaring etter mykje vidareutdanningsarbeid er at mange lærarar er bundne av kva for program, utstyr og testverktøy skulen eller kommunen har kjøpt inn. Vi tilrå at ein heller gir meir støtte til den enkelte lærar eller lærarkollegium si kompetanseheving, slik at dei sjølve kan vurdere kva for ressursar og metodar som er riktig å bruke med sine elevar. Inntrykket frå vidareutdanningsarbeid er at mange lærarar ønsker etter- og vidareutdanning, men ikkje får støtte til dette av eigen arbeidsgivar.

Vi støtter alle innspela som løftar fram betydninga av skulebibliotek. Skulebibliotek er eit annleis rom i skulen, som både har ein pedagogisk funksjon og som fungerer som arena for litteraturformidling og å finne kjelder. Skulebiblioteka må byggast opp med kompetent bemanning, og dei må ha ressursar til å kjøpe inn og formidle variert litteratur av høg kvalitet og på relevante språk. Lærarar, skulebibliotekarar og andre som møter born og unge i skulekvardagen, har eit stort ansvar for å byggje ein lesekultur. Vi vil streke under kor viktig det er at vaksne er lesande rollemodellar. Kommisjonen bør vurdere om kunnskap om skulebibliotek også bør vere ein del av lærarutdanninga.

Ei satsing på lesing kan ikkje reduserast til eit spørsmål om timetal. Det har vore ei vesentleg auke i timane til faga norsk, matematikk og engelsk sidan 1990³. I ljøs av det er det grunn til å spørje om fleire timar til enkeltfag er riktig medisin for å auke leseferdigheitene til elevar i skulen. Vi tek til orde for å fokusere på ei kulturendring og meir målretta kompetanseutvikling gjennom lærarutdanningane framfor lengre skuledagar.

³ Jf. <https://doi.org/10.18261/nnt.39.1.4>.

Fagseksjon for norsk,
Institutt for lærarutdanning, NTNU